



Vågsøy kommune

Kjære medarbeidar

Vågsøy kommune sin etiske standard skal medverke til bevisstgjøring av medarbeidarar og andre som gjer eit arbeid for kommunen.

Våre haldningar og handlingar påverkar innbyggjarane sin tillit til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi opptrer.

Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.

Knut Ove Leite
Rådmann



ETISK STANDARD

Som medarbeidar i Vågsøy kommune har vi eit bevisst forhold til:

Profesjonalitet

- Vi opptrer reieleg og viser respekt for alle menneske.
- Vi bruker fagkunnskap og skjønn i arbeidet vårt, og alle skal behandlast likeverdig.
- Vi sørgjer for at fortrulege opplysningar ikkje kjem i feil hender, og misbruker ikkje tilgang på informasjon.
- Vi er lojale i oppfølging av administrative og politiske avgjersler.
- Vi følgjer norsk lov, interne reglar og god forvaltningsskikk.
- Vi er bevisste på at haldningane og handlingane våre påverkar kommunen sitt omdøme.

Openheit og dialog

- Vi lyttar til innbyggjarane sine innspel gjennom dialog, brukarmedverknad og høyringar.
- Vi sikrar offentlegheita sitt krav på innsyn og opptrer profesjonelt i kontakt med media.
- Vi opptrer ikkje som representant for kommunen når vi deltek i samfunnsdebatten som privatpersonar.

Interessekonfliktar

- Vi informerer om private forhold og interesser som kan påverke avgjersler og oppgåver som vi gjer for kommunen.
- Vi sørgjer for at eigen habilitet vert vurdert før vi handsamar saker eller treff avgjersler.

Gåver og representasjon

- Vi tek ikkje imot arv eller personlege fordelar i arbeidet vårt. Gåver av ubetydeleg verdi kan vi ta imot dersom det er avklart med leiar.
- Vi avklarar med leiar kva arrangement vi kan delta på i jobbsamanheng.

Pengar og egedelar

- Vi arbeider for fellesskapet sitt beste og sørgjer for at kommunen sine økonomiske verdiar vert forsvarleg forvalta.
- Vi tek omsyn til miljøet og bidreg til reduksjon av energibruk og klimautslepp.
- Vi tek ansvar i forvaltning av brukarane sine pengar og egedelar.

Innkjøp

- Vi følger regelverket om offentlege innkjøp og opptrer profesjonelt som bindeledd mellom kommunen og leverandørar.
- Vi kjøper varer og tenester via kommunen sine rammeavtalar og kontraktar.
- Vi kjøper ikkje varer og tenester frå kommunen sine tilsette, vener eller slektningar.
- Vi tek ikkje imot særfordelar ved private kjøp av varer og tenester frå kommunen sine leverandørar.

Arbeidsmiljø

- Vi tek ansvar for å fremje eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.
- Vi skaper helsefremjande arbeidsplassar ved å bidra til arbeidsglede og jobbengasjement.
- Vi tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering.

Varsling

- Vi har rett og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold.
- Vi har mot til å varsle. Leiinga skal ta vare på den som varslar og har ansvar for at kritikkverdige forhold vert retta opp. Den som varslar skal ikkje bli utsett for gjengjelding.